



Hovudbasen til Reco Bygg og Skadeteknikk AS vil verta på dette området.

Selstad AS har for kort tid sidan tilsett Egil Pile som driftleiar og 5 arbeidarar ved den nye avdelinga deira som er lokalisert til Eidsvik Eigedom sitt anlegg. I dag kjem Kvinnheringen med ei ny gladmelding om ei nyetablering som sikrar Uskedalen nye arbeidsplassar. Desse er også lokalisert til Børsnesområdet.

Dei nye arbeidsplassane er eit resultat av at Frank Søllesvik har selt firma sitt, S Prosjekt Skadeservice, til Reco Bygg og Skadeteknikk AS. Begge firma har drive innanfor same bransje, for det meste skadesanering og tilbakeføring etter brann- og vasskadar, men også andre skadar. Kundegruppa er i hovudsak forsikringsselskap og kommunar.

Reco Bygg og Skadeteknikk AS har ca. 150 tilsette fordelt på avdelingar rundt i landet. I første omgang skal dei ha 6 tilsette her, men dei ser for seg at det kan auka til det doble innan relativt kort tid. Til å byrja med skal dei leiga lokale i Kvinnherad, men etter kvart vert hovudbasen på Børnes der Søllesvik Holding har ei stor tomt.

De finn brei dekning av denne gladsaka i dagens utgåve av Kvinnheringen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland